


RAMBEL OG SOLA

TEKST: Asbjørn Rydland • ILLUSTRASJON: Johanne Eikå Bergill



Rambel har aldri sett sola.
Han bur langt under bakken
og har levd heile livet i tussemørket.

«Sola vil gjera deg blind», seier far hans.
«Ho vil brenna huda di», seier mor hans.
Det er tryggare her nede under bakken.
Men Rambel får ikkje fred.
Han drøymmer om sola.

Kan ho verkeleg vera så forferdeleg?

Ein dag då mor og far er borte,
pakkar han sekken og drar mot overflata.

Tunnelen dit er sperra av eit ras,
men Rambel har sterke hender.
Han kan grava seg gjennom.

I enden av tunnelen er det lyst.
Sterkt lys gjennom grønne lauv,
så skarpt at det gjer vondt å sjå på.
«Blir eg blind no?» tenkjer Rambel.
Men det er for seint å snu.

Rambel myser med auga og dyttar lauvet til side.
Han drar pusten djupt inn.
Så går han ut av opninga.

Han står der lenge, og smiler
då han kjenner varmen mot ansiktet.